



## Møtereferat

**Gruppe/tema:** Styringsgruppe for kultur og medborgarskap

**Møtestad:** Rådhuset, Ålesund kommune

**Dato:** 19.09.18

**Tid:** kl.12.00 - 15.30

**Møteleiar:** Oskar Skulstad

Deltakarar:	Kommune:
	Nye Ålesund
Elin A. Moen	Haram kommune
Anita Øen	Sandøy kommune
Magne Fylling	Skodje kommune
Åse Karin Gjære	Ørskog kommune
Oskar Skulstad og Ida L. Skotheim	Ålesund kommune
Hovedvernombod Kristin H. Breivik Marianne Ottervik og Arne Olsbø Holen møtte ikkje.	Tillitsvalde

### Sakliste:

1. Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget
2. Samansetting av faggruppe innovasjon og digitalisering, gjennomgang av mandat
3. Møtejustering plan hausten 2018

### Referat og konklusjonar:

#### 1. Gjennomgang av kartlegginga:

Styringsgruppa gjekk gjennom kartlegginga som er gjort og som no vert samla i eit felles dokument og lagra i ACOS websak.

Kartlegginga kvar einskild kommune har gjort innanfor kvart porteføljeområde vert framleis liggande i prosjektportalen.

Styringsgruppa meiner at faggruppene kan bruke referansegruppe i arbeidet sitt dersom dei har behov for det.

Leiar for styringsgruppa opplyste at det har vore eit fellesmøte med prosjektleiinga for alle leiarane av styringsgruppene den 18.09.18. Leiar av styringsgruppe pleie- og omsorg ønsker å vere med på møte den 24.09.18 med prosjektleiinga.



## **2. Samansetting av faggruppe digitalisering og innovasjon:**

Faggruppa får følgjande medlemmer: Madelen Ramsøy, Siv K. Ulla, Jens Arne Gjørsvik, Gro Dalen og Gøril Vikhagen. Ev også Svenn Andre Alvestad. Leiar vert Gøril Vikhagen, Ålesund.

Faggruppa får tilsendt mandat og leiar skal kalle inn til første møte i gruppa.

## **3. Møteplan haust 2018 for styringsgruppa:**

I tillegg til ordinært møte 04.10.18 vert det også lagt inn eit møte 17.10.18 kl. 12.00 - 16.00 på Ålesund rådhus

Møtet vart avslutta kl. 15.30

Elin A. Moen  
Koordinator